



Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira foreldre. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.

 Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
e-post: t-dagane.voss@kyrkja.no,


www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)



Velkommen

til T6



Skattejakt rundt Vangskyrkja mandag 25. august

1. gruppe kl. 17:00- ca. 18:00.

2. gruppe kl. 18:00- ca. 19:00.



Velkomen til T6 til deg som er 6 år i 2025!

SKULESTART!

No byrjar du snart på skulen. Kanskje er det litt spennande? Eller kanskje er det berre moro?

Å starte på skulen er ei stor hending for borna. Borna byrjar i fyrste klasse, men er i seg sjølve heilt fyrsteklasses! Me inviterer til skattejakt rundt kyrkja der temaet er "Heilt fyrsteklasses".

Skattejakta går føre seg **mandag 25. aug.**

1. gruppe kl. 17:00- ca. 18:00 (Vangen, Gjernes, Bordalen, Gullfjordungen, Bulken)

2. gruppe kl. 18:00- ca. 19:00 (Skulestad, Kløve, Palmafossen, Bjørgum, Evanger)

(Dette er rettleiande tider. De vel sjølv gruppe ved påmelding)

Føresette gjennomfører skattejakta i lag med borna sine.

Til foreldra:

Skulestart er ei viktig hending i familien, både for born og vaksne. Me ynskjer at skuletida skal vera god for borna, at dei skal veksa og trivast. Skulestartmarkering i kyrkja er eit tilbod der me ynskjer å sette fokus på at borna er heilt 1. klasser og at Gud bryr seg om deira kvardag.

Påmelding innan torsdag 21. august

på www.voss.kyrkja.no
eller bruk QR-koden

Treng de kontakt med oss?

Camilla Velsvik har mobilnr. 995 18 194



Sundagen etter (31. aug.) har me familiegudsteneste i Vonheim kl. 11:00.

De er alle hjarteleg velkomne til denne og!

